



**Utval:** Eldrerådet  
**Møtestad:** Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus  
**Dato:** 12.09.2016  
**Tid:** 10:00

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	
Torunn Johansen	Medlem	

### Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	
Trude Helland	Medlem	

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vigdis R. Tislevoll	Trude Helland	

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marianne Ytrearne	Sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 18/16	Godkjenning av protokoll	
PS 19/16	Videre planlegging av "Eldredagen"	
PS 20/16	Konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland	
PS 21/16	Ymse	

Arvid Refvik  
leiar

Marianne Ytrearne  
referent

## **PS 18/16 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 22.08.2016.

### **Behandling i Eldrerådet - 12.09.2016:**

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 22.08.2016

### **Vedtak/tilråding:**

Som framlegg.

## **PS 19/16 Videre planlegging av "Eldredagen"**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Saka vert tatt til vitande.

### **Behandling i Eldrerådet - 12.09.2016:**

Leiar Ole Refvik hadde med eit forslag til program for eldredagen.

Oppgåver blei fordelt.

Torunn Johansen og Eva Pernille Tufteland skal ta i mot inngongspenger. Sekretær lagar songhefte og plakater, ordnar med annonsering, lodd-/billett bøker og blomster.

Annonsering i aviser onsdag 26.09 og ei påminning 30.09 i Sunnhordland.

Sekretær har etter møtet tatt kontakt med ordførar og varaordførar, desse kunne dessverre ikkje møte på eldredagen. Sekretær har også tatt kontakt med Frivilligsentralen, dagleg leiar Ellinor Austad Bergesen. Ho ville gjerne at Frivilligsentralen skulle vere med og planlegge og tar kontakt med leiar i Eldrerådet.

Eldrerådet arrangerer også ei utlodning( inngangsbilletten fungerer som lodd), 3 utlodningar. Nestleiar Eva Pernille Tufteland tek kontakt med Larsen osv. for gevinstar.

Varamedlemmer får invitasjon til eldredagen.

### **Vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

## **PS 20/16 Konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland**

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet sender ..... til konferansen.

**Behandling i Eldrerådet - 12.09.2016:**

Eldrerådet sender Eva Pernille Tufteland og Torunn A. E. Johansen til konferanse. Sekretær sender påmelding.

**Vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

**PS 21/16 Ymse****Framlegg til vedtak/tilråding:****Behandling i Eldrerådet - 12.09.2016:**

Nestleiar Eva Pernille Tufteland hadde notert ned 2 punkter:

1. Tre legar i Fitjar  
Ser i avisa at me skal få ein lege til i Fitjar, og kjem derfor med eit forslag som Eldrerådet kan kome med framlegg om.

Framlegg:

Eldrerådet synes det er bra at det no kjem ein lege til i Fitjar.

Eldrerådet ynskje at, om det er mogeleg, dette vert ei kvinne.

Det er mange eldre kvinner som kvir seg med å ta opp kvinnesjukdomar/plager med mannlege legar og alvorlege sjukdomar kan då få utvikla seg. (Helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen får kopi av protokoll)

2. Utlysing av møter i Fitjar kommune.  
I siste utlysing av politiske møter, stod ikkje møtet i Eldrerådet oppført. Me ber om at Eldrerådet sine møter vert lyste ut på same måte som andre møter i kommunen.